



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Sissel Storebø, 5557 2317

Vår dato
22.10.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/133043304
Dykkar referanse

Lerøy Vest AS
Postboks 7600
5020 Bergen

Rapport frå inspeksjon ved Lerøy Vest AS avd Sauvågen 14. oktober 2015

Rapportnummer: 2015.084.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå Lerøy Vest AS avd Sauvågen:
Frode Gjelsvik

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Tom N. Pedersen
Sissel Storebø

Frå Lerøy Vest:
Trine Eiterstraum
Sigfrid Tangen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann ingen avvik og har gitt 2 merknader under inspeksjonen. Merknadene er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Ingen tilbakemelding nødvendig. Fylkesmannen fann ingen avvik innan dei tema som vart kontrollert. Vi ser på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Sissel Storebø
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Lindås kommune
Lerøy Vest AS, Bjørsvik Settefisk

1. Informasjon om verksemda

Namn: Lerøy Vest AS avd Sauvågen	Risikoklasse: 4
Besøksadresse: Sauvågen	
Postadresse: 5397 Bekkjjarvik	
E-post: frgj@leroy.no	Telefon: 950 77 239
Kommune: Lindås	Organisasjonsnr.:
Bransjenr. (NACE-kode): 03.212 - Produksjon av yngel og settefisk i hav- og kystbasert fiskeoppdrett	Eigar (org.nr.): 886813082
Løyve sist oppdatert: 17. desember 2003	Siste tilsyn:

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Inspeksjonen går inn som ein del av ein lokal aksjon på akvakulturanlegga i Hordaland.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- miljømål
- miljørisikovurderingar
- resipientgranskingar
- drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget
- avvikshandtering
- krav i utleppsløyve datert 17. desember 2003

3. Oppfølging etter kontrollen

Fylkesmannen fann ingen avvik innan dei områda som vart kontrollert. Vi ser på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

4. Kontrollgebyr

Lerøy Vest AS avd Sauvågen skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6 og e-post av 20. august 2015. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 4. Dette betyr at de skal betale 4 700 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- produktkontrollova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 17. desember 2003

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fant ingen avvik under inspeksjonen.

8. Merknader

Vi har gitt følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1:

Beredskapsplanen som var hengt opp på veggene var av eldre dato.

Kommentarar:

Beredskapsplanen som var hengt opp i gangen og nede i 1. etasje var av eldre dato og var ikkje i samsvar med den gjeldande digitale beredskapsplanen.

Merknad 2:

Verksemda har ikkje sett miljømål for avfall.

Kommentarar:

Verksemda har sett fleire konkrete miljømål og dei vert evaluerte jamleg. Rutine for dette er nedfelt i internkontrollen til Lerøy Vest AS avd Sauvågen. Miljømål for avfallsreduksjon, herunder avfall og farleg avfall er ikkje tatt med i rutinen.

9. Andre forhold

Om anlegget

Settefiskanlegget vart etablert på 70- talet. Anlegget i Sauvågen vart kjøpt opp av Lerøy Vest i 2006. Anlegget har samdrift med avd Bjørsvik. Anlegget produserer yngel og om lag 300 -400 tonn smolt av aure.

Bedriftsnummer

I vår database og i Brønnøysundregisteret er det ikkje registrert bedriftsnummer for anlegget i Sauvågen. Dette må verksemda ordne.

Inntaksleidningar

Det vart etter tilsynet oppdaga vasslekkasje på inntaksleidningane fleire stader oppstrøms anlegget. Verksemda bør gjennomføre tilstandskontroll og vedlikehald av desse.

Resipientgranskingar

Utsleppsløyvet vart gitt i 2003 med krav om resipientgransking i Hjelmåsvågen innan november 2006. Verksemda har gjennomført gransking av resipienten både i 2002, 2006 og i 2015.

Den siste granskinga i 2015 vart gjort utanfor avløpet til settefiskanlegget i Sauvågen for å vurdere miljøverkanden av utsleppet ved dagens drift. Granskinga syner at det ikkje er opphoping av organisk materiale ved utsleppspunktet.

Det er ikkje sett krav om frekvensbasert resipientgranskingar i løyet. Men verksemda må ha tilstrekkeleg kunnskap om og dokumentasjon av tilstanden over korleis den påverkar resipienten. Verksemda har sjølv sett seg mål om å gjennomføre granskingar kvart 5. år. Inntil Fylkesmannen i Hordaland har revidert løyva til settefiskanlegga med vilkår om definisjon av utslepp og krav til utsleppsdokumentasjon, vert verksemda oppmoda om å kontakte Fylkesmannen før neste miljøgransking for å få nærare informasjon om krava til ei slik gransking.

Avfallsdeklarering.no


I mai 2015 opna avfallsdeklarering.no, det nye elektroniske systemet for deklarerer av farleg avfall. Nettsida er den elektroniske erstatninga for det papirbaserte deklarasjonssystemet for farleg avfall. Det er for tida ein overgangsfase, men Miljødirektoratet har sendt sterke signal om at papirdeklarering i stor grad skal fasast ut innan utgangen av året til fordel for det nye systemet på nett. Les meir på [Miljødirektoratets nettside](http://Miljodirektoratets.nettside).

10. Bilde

Bilde teke av Fylkesmannen ved tilsyn den 14. oktober 2015.



Anlegget ved Sauvågen



Vasslekkasje på inntaksleidningane